

Utvida Formannskap 06.06.24

Planstrategi og strategisamling

v/Stabssjef Strategi og styring, Liv Myklebust

Agenda

- Planstrategi: 9.10-10
- Strategisamling: 10.10-11.40
 - Intro og økonomisk status
 - Finansielle måltal
 - Prioriteringar (drift og investering) – 60 min
 - Drøfting i gruppe (tenestenivå og struktur)
 - Investering
 - Inntektsnivå
 - Veggen vidare



Voss herad

Planstrategi


Kommunal planstrategi

- Plan for planarbeidet
- Vedtak i heradsstyret over kva overordna planar ein skal handsame i inneverande valperiode
- Vedtak innan fyrste år etter valet
- Kjem her til hausten – prioritering av planarbeidet
- I tillegg til planstrategi kjem det ei rekkje private reguleringsplanar til handsaming



PLANSTRATEGI 2020 – 2023
VOSS HERAD

Ein kommunal planstrategi skal klargjera kva planoppgåver kommunen bør starta opp eller vidareføra for å legge til rette for ønska utvikling. Satsingsområda dei næraste åra er «klima og klimatilpassing», «Vossingane» og «utanforskap»



Planstrategi - utfordringsbiletet

- Rådmannen tilrår å vidareføra hovudutfordringane «klima, natur og miljø», «Vossingane» og «Utanforskap»
- Drøfting: Er det noko som er endra i utfordringsbiletet eller rammevilkåra til Voss herad som gjer at hovudutfordringane bør endrast?

Planbehov – vidareføring?

- Framlegg om å vidareføra desse planane utan rullering i perioden 2024-2027:

| NAMN | TYPE PLAN | VARIGHEIT |
|--|----------------|--------------------------------|
| Vossaklima 2030 -Plaststrategi -Strategi for klimatilpassing | Kommunedelplan | 2022 - 2034 |
| Kulturmiljøplan | Kommunedelplan | 2022 - 2032 |
| Voss i Vekst | Temaplan | 2022 - 2032 |
| SNU Voss Strategisk næringsutvikling -Reiselivsstrategi for Voss | Temaplan | 2023 – 2030 2023 - 2027 |
| Demensplan | Temaplan | 2023 - 2030 |
| Kulturkraft | Temaplan | 2024 - 2032 |
| Hovudplan veg | Temaplan | 2024 - 2031 |

+ Veteranplan og eigarskapspolitikk

- Har mange gode og omfattande planar. Ynskjer å prioritera ressursar på å realisera desse
- **Drøfting:** Er det ok å vidareføra ovannemnte planar utan rullering i 2024-2027?

Planbehov – nye planar

| TITTEL | MERKNAD | OPPSTART | VEDTAK | POLITISK UTVAL |
|---|----------------|----------|--------|----------------|
| Kommuneplanen sin samfunnsdel | Revisjon | 2024 | 2025 | FPL/ HST |
| Kommuneplanen sin arealdel | Revisjon | 2024 | 2026 | FPL/ HST |
| Strategi for besøksforvaltning | Ny | 2024 | 2025 | UKMB/ HST |
| Sti- og løypeplan | Revisjon | 2024 | 2025 | UKMB/ HST |
| Bustad- og eigedomsstrategi | Ny | 2024 | 2025 | FPL/ HST |
| Beitebruksplan | Ny | 2024 | 2025 | UKMB/ HST |
| Handlingsplan for unge/ psykisk helse | Ny | 2024 | 2025 | LEV/ HST |
| Handlingsplan førebygging av sjølv mord | Ny | 2024 | 2025 | LEV/ HST |
| Handlingsplan innvandrarak i arbeid | Ny | 2024 | 2025 | LEV/ HST |
| Handlingsplan avløp | Revisjon | 2025 | 2026 | UKMB/ HST |
| Trafikksikringsplan | Revisjon | 2025 | 2026 | UKN/ HST |
| Pollineringsstrategi | Ny | 2025 | 2026 | UKMB/ HST |
| Strategi for barnefattigdom | Ny | 2025 | 2026 | LEV/ HST |
| Bustadsosial handlingsplan | Revisjon | 2026 | 2027 | LEV/ HST |
| VossaROS | Revisjon | 2026 | 2027 | UKMB/ HST |
| Strategi mot radikaliserings/valdeleg ekstremisme | Ny | 2026 | 2027 | LEV/ HST |
| Strategi for kjønns- og seksualitetsmangfald | Ny | 2026 | 2027 | LEV/ HST |
| Folkehelsestatus | Revisjon | 2027 | 2027 | LEV |
| Samfunnsutviklarrolla | Løpande arbeid | | | |
| Berekraftsindikatorar | Løpande arbeid | | | |
| Tilstandsrapporter oppvekst | Løpande arbeid | | | |
| Klimarekneskap | Løpande arbeid | | | |

- Drøfting: Støttar Formannskapet framlegget?

Vidare arbeid

| Aktivitet | Tidspunkt | Vedtak |
|---|-------------------|------------|
| Oppstartsmelding Planstrategi 2024 – 2027 | November -23 | FPL 091123 |
| Varsel om oppstart av arbeidet, høyring og offentleg ettersyn | Nov. 23 – jan. 24 | |
| Workshop rådmannen si leiargruppe | Desember– 23 | |
| Workshop rådmannen si leiargruppe | Mai – 24 | |
| Politisk diskusjon – utfordringsbilete og planbehov | Juni – 24 | FPL 060624 |
| Utforma utkast til Planstrategi 2024 – 2027 | Juni – aug. – 24 | |
| Fyrste gongs politisk handsaming | September – 24 | FPL 050924 |
| Høyring og offentleg ettersyn | Sept. – okt. – 24 | |
| Endeleg politisk handsaming | Desember – 24 | FPL/ HST |

Planstrategi - kommuneplan

| 2023 | | 2024 | | 2025 | | 2026 | |
|---|--------------------------|------|--|------|-------|------|-------|
| Vår | Haust | Vår | Haust | Vår | Haust | Vår | Haust |
| Utarbeida eit heilskapleg kunnskapsgrunnlag | | | | | | | |
| | Planstrategi 2024 – 2027 | | | | | | |
| | | | Kommuneplanen sin samfunnsdel Inkludert arealstrategi | | | | |
| | | | Kommuneplanen sin arealdel | | | | |
| | Medverknad og forankring | | | | | | |

- **Drøfting:**
 - Kva rammer og føringar skal me leggja til grunn for arbeid med arealplan og arealstrategi?
 - Kva ambisjonar har me for medverknad? (kor breitt, kortid, kva tema?)



Voss herad

Økonomisk status og strategisamling til økonomiplan 2025-2028

Rapportering om økonomisk status

- Oppdatert risikobilete for meirforbruk – stort sannsyn for vesentleg meirforbruk
- Tertialrapport og prognose – ligg an til meirforbruk på 31,6 mill.kr for året
- RNB 2024 og kommuneproposisjon for 2025
 - Lite nytt i 2024
 - Nytt inntektssystem og auke i frie inntekter frå 2025
 - +13-14 mill.kr i 2025
 - +8 mill.kr frå 2026 (samanlikna med 2024)
 - Endring i ordning for refusjon ressurskrevjande tenester
- Ny kunnskap
 - Akuttmottak vert avvikla 30.06.24

Risiko for vesentleg meirforbruk (over 1 mill)

| | | | | | | |
|--------------------------------------|-------------------|-------------------------------------|------------------------|-------------------------|---------------------|-----------------------------|
| Sannsyn for meirforbruk | Svært sannsynleg | | | | | Helse og omsorg Oppvekst |
| | Sannsynleg | | | | | |
| | Mulig | | Teknisk | | | |
| | Mindre sannsynleg | Kultur og fritid Adm og politisk | | | | |
| | Usannsynleg | | | | | |
| | | Lågt (0,1 mill +) | Middels (0,5 mill+) | Vesentleg (1 mill +) | Stort (5 mill +) | Svært stort (10 mill +) |
| Konsekvens (storleik på meirforbruk) | | | | | | |



Voss herad

Strategisamling til økonomiplan 2025-2028

VOS2
bygd for sterke opplevingar

Introduksjon til strategisamling

- Strategi handlar om å retta blikket framover på kvar me skal, og så svara på korleis me skal koma oss dit
- Kvar skal me?
 - Mål frå planar
 - Økonomireglement
 - Lover og forskrifter
- Relevant bakgrunnsinfo som er sendt ut:
 - [Kunnskapsgrunnlag strategisk arbeid vår 2024](#)
 - [Rapport 1.tertial 2024](#)
 - [Årsmelding 2023](#)
 - Sak om kartlegging av innsparingstiltak

Kvifor omstilla?



Brukar meir enn
me har



Manglar folk




Nye behov i
framtida

- 2023: Innt:1,918 mrd < Utg: 1,954 mrd
- Bud. netto driftsresultat 2024: 0 %

- Sjukepleiarar, legar, helsefag
- Lærarar
- Fråvær

- Demografikost
 - Fleire eldre
 - Auke i tal unge med store hjelpebehov


Fr
ht
Fores
– Alle er
og forbe

 Akershus Amtstidende
<https://www.amta.no> › har-kuttet-45-arsverk-sa-mye-ha... ⋮

Har kuttet 45 årsverk – så mye har kommunen spart

13. mars 2024 — Nå **har** kommunedirektøren fått oversikt over hvor mye de **har** kuttet siden han startet i jobben. Frogn **kommune** har de siste to årene kuttet 45 ...


Tr
ht
Prese
6. mai 21
dekning:

 FriFagbevegelse
<https://frifagbevegelse.no> › nyheter › kommuner-kan-s... ⋮

Kommuner kan spare millioner


24. aug. 2015 — I rapporten konkluderes det at kommunene **har spart** mellom 15 og 20 millioner kroner hver på å satse på samarbeid framfor å sette tjenester ut på ...

A:
ht
Legge
- Dette u
i 2026, f

 morenytt.no
<https://www.morenytt.no> › nyheiter › dwMgXX › i-den... ⋮

I denne kommunen har dei spart snart hundre millionar

6. mars 2023 — Volda **kommune** fekk eit netto driftsresultat på 25,2 millionar kroner i 2022. Pengane vert sprøyta inn i disposisjonsfondet.

 Os og Fusaposten
<https://www.osogfusa.no> › nyhende › til-no-har-kommu... ⋮

M Til no har kommunen spart 730.000 kWh i straum. Likevel ...

S 27. okt. 2022 — — Samanlikna med i fjor, **har kommunen** så langt **spart** 730.000 kWh. Det er rimeleg mykje, men hindrar dessverre ikkje at totalutgiftene for 2022 ...

Båd
gru...
av kunstig intelligens, anslår Menon Economics.

› NYHETER



i vil selge eiendom, droppe planlagte satsinger og dreie helse- og sorgstjenestene i retning av mer hjelp i hjemmet. Mette Vikan Andersen satt i gang innsparingsprosjektet «Sunn kommuneøkonomi», der målet er å identifisere tiltak som kan bedre kommunens økonomi med 273 millioner kroner i løpet av 2028.

Prioriteringar i omstillinga



Finansielle måltal

- Finansielle måltal vert brukt til å planlegga for at Voss herad skal ha ein berekraftig økonomi
 - Netto driftsresultat seier noko om årlege driftsinntekter dekker årlege driftsutgifter
 - Disposisjonsfond seier noko om kor mykje me har i reservar (sparekonto)
 - Netto lånegjeld seier noko om kor mykje lån me har i høve inntekter som skal vera med å dekkja renter og avdrag

| | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | Bud. 2024 | Rev.bud 2024 |
|---|--------------|------------|-------------|--------------|--------------|-------------|--------------|
| Netto driftsresultat i % av driftsinntekter | 0,1 % | 0,1 % | 0,0 % | 1,0 % | 0,5 % | 0,0 % | +0,4 % |
| Netto driftsresultat | | | | | | 0,0 mill.kr | 7,8 mill.kr |
| Disposisjonsfond % av driftsinntekter | | | | | | | 3 % |
| Disposisjonsfond ved slutten av året | 66,6 mill.kr | 63 mill.kr | 123 mill.kr | 93,3 mill.kr | 86,5 mill.kr | | 61 mill.kr |
| Netto lånegjeld i % av driftsinntekter | 58,6 % | 58,2 % | 53,8 % | 52,4 % | 51 % | 62,5 % | 62,5 % |

Grunna den økonomiske situasjonen i Helse og omsorg har leiargruppa lagt fram fleire tiltak for å redusera utgiftene.

§ 14-10. Balanse i økonomiplanen og årsbudsjettet

All bruk av midler i årsbudsjettet skal ha dekning i årets tilgang på midler.

Etter 2023 har Voss herad negativt driftsresultat og eit disposisjonsfond som er lågare enn tilrådd nivå.

Finansielle måltal

- **Prinsipp: Nivå på måltal skal vera i samsvar med Økonomireglement for Voss herad**

| Måltal | Minimum | Mål | Skildring |
|--|----------------|------|---|
| Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter | 1,75 % | 3 % | Syner om drifta er finansiert av inntektene for perioden. |
| Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter | 6,5 % | 7 % | Syner kor store reservar kommunen har. |
| Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter | Ikkje relevant | 65 % | Syner gjeldsgraden, der målsettinga er at denne er stabil over tid. |

- Med inntekter på 1,9 mrd.kr utgjør:
 - 1,75 % i netto driftsresultat: + 33 mill.kr
 - 6,5 % i disp.fond: 114 mill.kr (er 86 i dag)
- **Drøfting: Kortid skal me planlegga for å vera på målnivå for netto driftsresultat og disp.fond?**
 - **Kva er me villig til å gjera for å koma på ønska nivå?**

Struktur (drøfting i gruppe)

- **Prinsipp: Det skal setjast i gang utgreiing av kva som er tilrådd framtidig barnehage- og skulestruktur med mål om å redusera tal einingar**
- Struktur
 - Organisasjon, kommunestruktur og interkommunale samarbeid
 - Skule og barnehage
 - Bustad og infrastruktur
 - Politisk
- Ressursmangel gjev behov for strukturendring i Voss herad – mangel på folk eller pengar
- Konkrete døme å vurdera på Voss
 - Barnehagar på Vossestrand og i vest (Bulken, Evanger og Bolstadøyri)
 - Skular nær sentrum
 - Samorganiseringseffektar i Vest?
- **Drøfting: Korleis kan endringar i struktur vera med å sikra robuste tenester og økonomisk berekraft?**

Tenestenivå /kvalitet (drøfting i gruppe)

- **Prinsipp: Dekningsgrad av tenester dekker gjeldande behov og heradet gjev hjelp til å klara seg sjølv lengst mogleg**
- Lovfesta rett til ulike tenester, men nivå vert vurdert lokalt og etter behov
- Godt nok vs best?
- Kan innsats i dag redusera behov i framtid?
- Demografikostnader gjev utgiftsauke i framtid og behov for omstilling
 - Færre born og fleire eldre gjev behov for å flytta ressursar
 - Fleire unge med store hjelpebehov
- Døme: heimetenester, spesialundervisning, tiltak frå sak om innsparing
- **Drøfting: Korleis kan endringar i tenestenivå eller kvalitet vera med å sikra økonomisk berekraft?**

Grupper og oppgåver

- **Drøfting:**

- **Korleis kan endringar i struktur vera med å sikra robuste tenester og økonomisk berekraft?**
 - Kva omstilling og endring er me villige til å gjera?
- **Korleis kan endringar i tenestenivå eller kvalitet vera med å sikra økonomisk berekraft?**
 - Kva omstilling og endring er me villige til å gjera?

| | Gr.1, heradsstyresalen | Gr.2, kantina | Gr.3, møterom Sør |
|----------------|--|---|--|
| Politikarar | Tonje , Sveinung, Bridget, Trygve, Knut Ståle | Samson , Dag, Benedicte, Øystein | Hilde , Iril, Daniel, Lars Gunnar |
| Administrasjon | Kjersti, Trude, Björg , | Torbjörg, Nils Petter , Arvid | Hans Erik, Ingvild , Mette |

Utheva politikar: Tid- og ordstyrar

Utheva adm: Skrivar

Investeringar i økonomiplan

| Beløp 1000' kr | år 2024 | år 2025 | år 2026 | år 2027 | år 2028 |
|---|----------------|----------------|---------------|----------------|--------------|
| Vedteke investeringsbudsjett utanom sjølvkost (vatn og avløp) HST 116/23 | 230 075 | 189 213 | 98 775 | 108 013 | 0 |
| 1. tertialrapport budsjettjusteringar framlegg | -29 993 | 32 125 | -10 625 | 0 | 5 000 |
| Investeringsbudsjett inkl budsjettjusteringar 1.tertial | 200 082 | 221 338 | 88 150 | 108 013 | 5 000 |
| Prosjekt som er godt i gang, inngått kontrakt og løpande investeringar | 198 232 | 185 713 | 54 275 | 39 013 | 0 |
| Prosjekt som kan stillast i ro i påvente av struktur og strategi vurderingar | 1 850 | 35 625 | 33 875 | 69 000 | 5 000 |

Investeringar - utfordringar

- Investeringsplan har auka i omfang, fleire krevjande prosjekt samstundes
- Ressursar til planlegging/oppfølging
- Fallgruver ved mangelfullt grunnlag
 - Medverknad og involvering på rett nivå til rett tid
 - Skildring av behov
 - Vurdera tilgrensande behov og mogelegheiter
 - Planleggja i god tid – tidsfaktor er fordyrande
 - Kva er godt nok, og kva er «kjekt å ha»?
- Tydeleg strategi er ynskjesituasjonen

10 mill.kr meir i
lån gjev årlege
utgifter på om
lag 1 mill.kr *

*Avheng av avskrivningstid. 10 år gjev
utgifter på 1,5 mill, 40 år gjev 0,75 mill.kr

Investeringar - kriterium

- **Prinsipp: Berre investeringar som er vurdert som høgst naudsynt og tidskritisk skal prioriterast i investeringsplan**
- Kriterium for å koma inn i investeringsplan
 - Naudsynt – korleis vurderast?
 - Tidskritisk – korleis sikra at me unngår ein tidskritisk situasjon?
 - Bidreg til reduserte driftsutgifter
 - Forankra i planverk
 - Prioritert i høve tenesteområde og investeringar totalt
 - Førearbeid/prosjektering dokumentert og ferdig utgreidd
 - Andre krav?
- **Drøfting: Skal me leggja alle eller nokre av investeringsprosjekta på is fram til me har evne til å finansiera dei?**

Døme å vurdera:

- Lokale vaksenopplæringa (10 mill i 2025)
- Ny barnehage Voss sentrum (47 mill i 2027)
- Sentralidrettsanlegg idrettstorg oppgradering (10 mill i 2026)
- Vedlikehald eksisterande flaumsikringsanlegg (5 mill årleg frå 2025)

Inntekter

- **Prinsipp: Betalingssatsar som kan aukast, skal aukast mellom 10-20 %. Sats for eigedomsskatt for bustad og fritidsbustad kan aukast frå 2,1 promille til 2,5 promille**
- Brukarar av tenestene
- Konkrete døme å vurdera på Voss
 - Fakturagebyr
 - Auka promillesats på eigedomsskatt
- **Drøfting: Skal brukarane av tenestene vera med å betala meir?**

0,4 promille på bustad og fritidsbustad utgjør rundt 9 mill.kr i eigedomsskatt

Vegen vidare

| | |
|---|-------------|
| | |
| Oppstart budsjett 2025 og øk.plan 2025-2028 | Juni |
| Arbeid med stillingsbudsjett og detaljbudsjett | August-sept |
| Arbeid med økonomiplan (drift og investering) | August-okt |
| Statsbudsjett vert lagt fram | Oktober |
| Sakshandsaming budsjett 2025 og øk.plan 2025-2028 | Nov-des |



Vedtaks punkt – rammer og retning

- Nivå på måltal skal vera i samsvar med Økonomireglement for Voss herad
- Alle tenesteområde må kartlegga og innarbeida effektiviseringstiltak som reduserer utgifter
- Dekningsgrad på institusjonsopphald innan omsorgstenestene skal vera slik at det samsvarer med kor mange som fyller kriteria for å få dette tenestetilbodet
- Voss herad gjev hjelp til å klara seg sjølv lengst mogleg
- Det skal setjast i gang utgreiing av kva som er tilrådd framtidig barnehage- og skulestruktur med mål om å redusera tal einingar
- Berre investeringar som er vurdert som høgst naudsynt og tidskritisk skal prioriterast i investeringsplan
- Betalingssatsar som kan aukast, skal aukast mellom 10-20 %
- Sats for eigedomsskatt for bustad og fritidsbustad kan aukast frå 2,1 promille til 2,5 promille, og det må greiast ut moglegheit for å justera verdigrunnlag for eigedomar som ikkje er verdsett frå Skatteetaten